



Helgesen Tekniske Bygg As  
Ole-Harald Bleikli  
Reigstadvegen 1  
5281 VALESTRANDSFOSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/455 - 23/3746

Saksbehandlar:  
Asbjørn Nagell Toft  
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:  
18.04.2023

## Løyve til ombygging av næringsbygg på gnr/bnr 128/99 - Litlås

### Administrativt vedtak. Saknr: 038/23

Vi syner til søknad motteke 11.04.2023

### Vedtak

Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve løyve til ombygging av næringsbygg til lager og kvilerom i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 21-4, 21-5, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:

1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner og anna lovverk.
2. Arbeidstilsynet sine krav i samtykke heimla i arbeidsmiljølova § 18-9 i vedtak fatta den 11.04.2023 skal følgjast.

### Saksutgreiing:

### Tiltak

Søknaden gjeld ombygging av eksisterande næringsbygg til lager og kvilerom. Bruksareal (BRA) for tiltaket er 378 m2.Totalt tal på arbeidstakere er 20.




## Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader i samband med nabovarslinga. Det føreligg vedlagt naboerklæring om at bygging av rømmingstrapp/bygg nærmare 4 meter frå nabogrense vert akseptert av grunneigar på Litlås 16 (gbnr. 128/92).

## Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for området er definert som næringsområde. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen for området. Arbeidstilsynet har gjeve vedtak og løyve til omsøkt søknad etter sitt lovverk.



Eigendomen inngår i reguleringsplan for Litlås industriområde II, og ligg i areal avsatt til industri, lager og kontor. Lokala skal etter ombygging nyttast som losstasjon og inneha funksjonane kvilerom, garderober, vaskerom og spise/opphaldsrom. Både 1 og 2 etasje skal byggjast om.

## Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Austrheim kommune finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland.

## **Fråsegn og vedtak frå andre mynde:**

Saka har vore på høyring hjå Arbeidstilsynet og følgjande vedtak er gitt den 11.04.2023:

### ***Arbeidstilsynets vedtak***

*Arbeidstilsynet gir samtykke til planene, med hjemmel i arbeidsmiljøloven § 18-9.*

*Samtykket gis etter en automatisk behandling av søknaden, basert på egenerklæringen dere har gitt. Her har dere erklært at dere har ivaretatt alle relevante krav til arbeidsmiljø for det omsøkte tiltaket.*

*Arbeidstilsynets vedtak er et samtykke til planene og opplysningene som foreligger på søknadstidspunktet. Samtykket er ikke en generell godkjenning av den ferdigstilte bygningen, lokalene, arbeidsplassene eller det fysiske arbeidsmiljøet. Det er tiltakshaver/arbeidsgiver som til enhver tid har ansvaret for at lov- og forskriftskrav blir overholdt og at arbeidsmiljøet er fullt forsvarlig under bruk.*

### ***Arbeidstilsynets begrunnelse for samtykket***

*Dere har erklært at følgende forhold er ivaretatt i samsvar med kravene:*

*Sikkerhet ved renhold, vedlikehold, montering, ettersyn og liknende*

*Rømningsveier og nødutganger*

*Løfteinnretninger*

*HC-toalett som er forbeholdt arbeidstakerne*

*Trinnfri atkomst og heis eller løfteplattform*

*Inneklima, ventilasjon og luftkvalitet*

*Areal pr. arbeidsplass*

*Romhøyde*

*Dagslys og utsyn*

*Belysning og synsforhold*

*Kjønnsdelte garderober som er forbeholdt arbeidstakerne*

*Kjønnsdelte dusjer som er forbeholdt arbeidstakerne Kjønnsdelte toaletter som er forbeholdt arbeidstakerne*

*Rom for renholdsutstyr*

*Spiserom*

## **Situasjonsplan og terrengprofilar**

Tiltaket er teikna inn med tilstrekkeleg målsetting (avstand bustad til andre bygg, avstand bustad til nabogrenser, avstand bustad senter veg).

## Teikningar

Det ligg føre målsette planteikningar for alle plan, målsett snitteikning samt fasadeteikningar. Ved å etablere ny løfteplattform sikrar ein universell tilkomst til spiserom/oppholdsrom for besøkjande. Utvedndig fasade vert slik:



## Tilknytning

Tiltaket er alt knytt til offentleg vatn og offentleg kloakk.

## Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

## Konklusjon:

Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve løyve til ombygging av næringsbygg til kvilerom og lager. Gjennomføringsplan versjon 1 ligg vedlagt søknaden. Det er erklært ansvarsrett for prosjektering av konstruksjonssikkerheit og utføring at montering av bærende stålkonstruksjonar ettersom det må gjerast endringar i bærende konstruksjon ved etablering av ny løfteplattform.

Vilkår i Arbeidstilsynet sitt vedtak fatta den 11.04.2023 skal følgjast.

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2017 (SAK10) kapittel 10.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg søkjar skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10, og oppdatert gjennomføringsplan skal leggjast fram. Gjenstår noko

av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av ombygginga må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

**Kopi til:**

Alf Kvant

**Mottakere:**

Helgesen Tekniske Bygg As

Reigstadvegen 1 5281

VALESTRANDSFOSEN